

# Prop. 96 L

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i straffelova 1902 mv. (straffebod mot kjernefysisk terrorisme mv.)

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 27. april 2012,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Hovudinhaldet i proposisjonen

FN vedtok i 2005 ein konvensjon mot kjernefysisk terrorisme. Konvensjonen stiller mellom anna krav til kriminalisering av visse typer ulovleg omgang med radioaktivt materiale. Almindelig borgerlig straffelov 22. mai 1902 nr. 10 (heretter kalla straffelova 1902) oppfyller kriminaliseringsforpliktingane langt på veg, men ikkje fullt ut.

Den nye straffelova, lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff (heretter kalla straffelova 2005) har i § 142 føresegner om ulovleg omgang med farleg materiale mv. som skal oppfylle kriminaliseringsforpliktingane i konvensjonen. Straffelova 2005 har ikkje tredd i kraft.

For at Noreg skal kunne ratifisere konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme før straffelova 2005 trer i kraft, foreslår departementet å endre straffelova 1902 § 152 a i samsvar med straffelova 2005 § 142 med enkelte tilpassingar.

Departementet foreslår enkelte tilpassingar for å tydeleggjøre gjennomføringa av konvensjonsforpliktingane. I desse tilfella blir det gjort framlegg om tilsvarande endringar i straffelova 2005 § 142, slik at ordlyden i dei to føresegnene blir likelydande etter lovendringane.

### 2 Bakgrunn

FN vedtok i 2005 ein konvensjon mot kjernefysisk terrorisme – *International convention for the suppression of acts of nuclear terrorism* (heretter kalla konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme).

Noreg skreiv under konvensjonen 16. september 2005, men har ikkje ratifisert han.

Konvensjonen stiller mellom anna krav til kriminalisering av visse former for ulovleg omgang med radioaktivt materiale. Straffelova 1902 oppfyller kriminaliseringsforpliktingane i konvensjonen langt på veg, men ikkje fullt ut.

Kriminaliseringsforpliktingane i konvensjonen er gjennomførte i straffelova 2005 § 142 om ulovleg omgang med farleg materiale mv., sjå Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) Om lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 mv. (skjerpende og formildende omstendigheter, folkemord, rikets selvstendighet, terrorhandlinger, ro, orden og sikkerhet, og offentlig myndighet) punkt 8.7.4.5.1 side 188–189 og merknaden til forslaget til § 142 på side 323–324. Straffelova 2005 har ikkje tredd i kraft. Ikraftsetjing ventar i hovudsak på etablering av eit nytt straffesakssystem i politiet.

Den særskilte komité om redegjørelse fra justitsministeren og forsvarsministeren i Stortingets møte 10. november 2011 om angrepene 22. juli har i Innst. 207 S (2011–2012) punkt 1.2.2 på side 8 uttalt:

«Komiteen viser til at Norge ikke har ratifisert konvensjonen om kjernefysisk terrorisme fordi de nødvendige lovendringer ikke er satt i kraft. Komiteen viser videre til at den amerikanske presidenten har tatt spørsmålet opp med den norske statsministeren og bedt om at Norge ratifiserer konvensjonen. Komiteen er kjent med at Justisdepartementet arbeider med et lovforslag om ikraftsetting av de nødvendige lovbestemmelsene uavhengig av ikrafttredelse av den nye straffeloven 2005/2009, og understreker at dette arbeidet må skje så hurtig som mulig.»

Forslaget til straffelova 2005 § 142 var på høyring da eit forslag om kapittel 18 i straffelova 2005 om terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar blei sendt på høyring i 2007, sjå nærmare Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) punkt 8.2 side 155–156. Ei ny høyring av eit forslag som i realiteten inneber å setje i kraft ei lovendring som allereie er vedteken med nokre mindre justeringar, er derfor openbert unødvendig.

### **3 Kriminaliseringsforpliktingane i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme**

Etter artikkel 5 bokstav a i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme er partane forplikta til å kriminalisere handlingane som er omtalte i artikkel 2.

Artikkel 2 omtaler ulike former for ulovleg omgang med radioaktivt materiale, ei kjernefysisk eller radioaktiv innretning eller eit nukleært anlegg. For at handlingane skal omfattast av kriminaliseringsforpliktinga, er det i tillegg krav om at dei må vere utførte med ei bestemt hensikt eller forsett («intent»). For nokre av handlingane er det eit krav at dei er gjorde med hensikt eller forsett om å valde tap av menneskeliv eller betydeleg skade på kropp, eigedom eller miljø. Enkelte handlingar blir ramma også dersom dei er gjorde med hensikt eller forsett om å tvinge nokon til å gjøre eller ikkje gjøre ei handling.

Artikkel 2 rammar også truslar om bruk av radioaktivt materiale og det å krevje radioaktivt materiale eller eit nukleært anlegg med truslar eller makt.

I tillegg blir forsøk og medverknad ramma.

I engelsk språkversjon lyder artikkel 2 slik:

#### **Article 2**

1. Any person commits an offence within the meaning of this Convention if that person unlawfully and intentionally:
  - (a) Possesses radioactive material or makes or possesses a device:
    - (i) With the intent to cause death or serious bodily injury; or
    - (ii) With the intent to cause substantial damage to property or to the environment;
  - (b) Uses in any way radioactive material or a device, or uses or damages a nuclear facility in a manner which releases or risks the release of radioactive material:
    - (i) With the intent to cause death or serious bodily injury; or
    - (ii) With the intent to cause substantial damage to property or to the environment; or
    - (iii) With the intent to compel a natural or legal person, an international organization or a State to do or refrain from doing an act.
2. Any person also commits an offence if that person:
  - (a) Threatens, under circumstances which indicate the credibility of the threat, to commit an offence as set forth in paragraph 1 (b) of the present article; or
  - (b) Demands unlawfully and intentionally radioactive material, a device or a nuclear facility by threat, under circumstances which indicate the credibility of the threat, or by use of force.
3. Any person also commits an offence if that person attempts to commit an offence as set forth in paragraph 1 of the present article.
4. Any person also commits an offence if that person:
  - (a) Participates as an accomplice in an offence as set forth in paragraph 1, 2 or 3 of the present article; or
  - (b) Organizes or directs others to commit an offence as set forth in paragraph 1, 2 or 3 of the present article; or
  - (c) In any other way contributes to the commission of one or more offences as set forth in paragraph 1, 2 or 3 of the present article by a group of persons acting with a common purpose; such contribution shall be intentional and either be made with the aim of furthering the general criminal activity or purpose of the group or be made in the knowledge

of the intention of the group to commit the offence or offences concerned.»

Artikkelen 1 nr. 1 til 4 definerer kva som ligg i omgrepa «radioactive material», «nuclear material», «nuclear facility» og «device» og lyder slik:

**«Article 1**

For the purposes of this Convention:

1. 'Radioactive material' means nuclear material and other radioactive substances which contain nuclides which undergo spontaneous disintegration (a process accompanied by emission of one or more types of ionizing radiation, such as alpha-, beta-, neutron particles and gamma rays) and which may, owing to their radiological or fissile properties, cause death, serious bodily injury or substantial damage to property or to the environment.
2. 'Nuclear material' means plutonium, except that with isotopic concentration exceeding 80 per cent in plutonium-238; uranium-233; uranium enriched in the isotope 235 or 233; uranium containing the mixture of isotopes as occurring in nature other than in the form of ore or ore residue; or any material containing one or more of the foregoing;  
Whereby 'uranium enriched in the isotope 235 or 233' means uranium containing the isotope 235 or 233 or both in an amount such that the abundance ratio of the sum of these isotopes to the isotope 238 is greater than the ratio of the isotope 235 to the isotope 238 occurring in nature.
3. 'Nuclear facility' means:
  - (a) Any nuclear reactor, including reactors installed on vessels, vehicles, aircraft or space objects for use as an energy source in order to propel such vessels, vehicles, aircraft or space objects or for any other purpose;
  - (b) Any plant or conveyance being used for the production, storage, processing or transport of radioactive material.
4. 'Device' means:
  - (a) Any nuclear explosive device; or
  - (b) Any radioactive material dispersal or radiation-emitting device which may, owing to its radiological properties, cause death, serious bodily injury or substantial damage to property or the environment.»

I uoffisiell norsk omsetjing lyder artikkelen 2 slik (jf. vedlegg til Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) på side 379–380):

**«Artikkelen 2**

1. Ein person gjer ei straffbar handling etter denne konvensjonen dersom vedkomande ulovleg og med vilje
  - (a) rår over radioaktivt materiale eller lagar eller rår over ei innretning
    - (i) med vilje til å valde død eller alvorleg lekamsskade, eller
    - (ii) med vilje til å valde vesentleg skade på eigedom eller miljø,
  - (b) på nokon måte brukar radioaktivt materiale eller ei innretning eller brukar eller skadar eit atomanlegg på ein måte som frigjer eller kan frigjere radioaktivt materiale
    - (i) med vilje til å valde død eller alvorleg lekamsskade, eller
    - (ii) med vilje til å valde vesentleg skade på eigedom eller miljø, eller
    - (iii) med vilje til å tvinge ein fysisk eller juridisk person, ein internasjonal organisasjon eller ein stat til å gjere eller ikkje gjere ei handling.
2. Ein person gjer òg ei straffbar handling dersom vedkomande
  - (a) trugar, under omstende som viser truverdet av trugsmålet, med å gjere ei straffbar handling som er nemnd i nr. 1 bokstav b) i denne artikkelen, eller
  - (b) ulovleg og med vilje krev radioaktivt materiale, ei innretning eller eit atomanlegg under trugsmål, under omstende som viser truverdet av trugsmålet, eller med bruk av makt.
3. Ein person gjer òg ei straffbar handling dersom vedkomande freistar å gjere ei straffbar handling som er nemnd i nr. 1 i denne artikkelen.
4. Ein person gjer òg ei straffbar handling dersom vedkomande
  - (a) deltek som medskuldig i ei straffbar handling som er nemnd i nr. 1, 2 eller 3 i denne artikkelen, eller
  - (b) organiserer eller instruerer andre til å gjere ei straffbar handling som er nemnd i nr. 1, 2 eller 3 i denne artikkelen, eller
  - (c) på annan måte medverkar til at ei gruppe personar som handlar ut frå eit felles mål, gjer ei eller fleire straffbare handlingar som er nemnde i nr. 1, 2 eller

3 i denne artikkelen; slik medverknad skal vere med vilje og anten gjerast med sikte på å fremje den allmenne kriminelle verksemda eller føremålet til gruppa eller gjerast med kjennskap til at gruppa aktar å gjere den aktuelle straffbare handlinga eller dei aktuelle straffbare handlingane.»

Definisjonane i artikkkel 1 nr. 1 til 4 lyder slik i omsett versjon:

#### «Artikkkel 1

I denne konvensjonen gjeld dette:

1. ‘Radioaktivt materiale’: kjernefysisk materiale og andre radioaktive stoff som inneholder nuklidar som gjennomgår spontan nedbryting (ein prosess som gjev frå seg ein eller fleire typar ioniserande stråling, til dømes alfa-, beta- og nøytronpartiklar og gammastrålar), og som på grunn av sine radiologiske eller spaltbare eigenskapar kan valde død, alvorleg lekamsskade eller vesentleg skade på eigedom eller miljø.
2. ‘Kjernefysisk materiale’: plutonium, med unntak av plutonium med isotopkonsentrasjon over 80 prosent i plutonium 238, uran 233, uran opprikt i isotopane 235 eller 233, uran som inneholder blandinga av isotopar som finst i naturen i andre former enn malm eller malmrestar, eller materiale som inneholder eit eller fleire av dei stoffa som er nemnde ovanfor.

‘Uran opprikt i isotopane 235 eller 233’ tyder uran som inneholder isotopane 235 og/eller 233 i ei mengd som er slik at høvet mellom summen av desse isotopane i høve til isotop 238 er høgare enn det høvet mellom isotop 235 og isotop 238 som finst i naturen.

3. ‘Atomanlegg’:

- (a) kjernereaktor, medrekna reaktor installert på farty, køyretøy, luftfarty eller romføremål til bruk som energikjelde til å drive fram slike farty, køyretøy, luftfarty eller romføremål eller til andre føremål,
- (b) anlegg eller transportmiddel som vert nytta til produksjon, lagring, handtering eller transport av radioaktivt materiale.

4. ‘Innretning’:

- (a) kjernefysisk sprengladning eller
- (b) innretning som spreier radioaktivt materiale eller gjev frå seg stråling, og som på grunn av sine radiologiske

eigenskapar kan valde død, alvorleg lekamsskade eller vesentleg skade på eigedom eller miljø.»

## 4 Oppfylling av kriminaliseringsofpliktingane i konvensjonen i norske straffeføresegner

### 4.1 Straffelova 1902

I Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) punkt 8.7.4.2 på side 187 står det at forpliktingane i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme artikkkel 5, jf. artikkkel 2 langt på veg, men ikkje fullt ut, er dekte i straffelova 1902 §§ 151 b, 152, 152 a, 153 og 161. Det er ikkje spesifisert på kva punkt straffelova 1902 ikkje oppfyller konvensjonsforpliktingane.

Straffelova 1902 § 152 a rammar den som på ulike måtar ulovleg har å gjere med materiale som består av eller inneholder *plutonium eller uran*, og gjennom det valdar fare for skade på kropp, helse, eigedom eller livsmiljø eller medverkar til det.

Straffelova 1902 § 152 a lyder slik:

«Den som uten lovlig tillatelse mottar, besitter, bruker, overfører, endrer, kvitter seg med eller sprer materiale som består av eller inneholder plutonium eller uran, og derved volder fare for skade på noens legeme, helse, eiendom eller livsmiljø, eller medvirker til dette, straffes med bøter eller fengsel inntil 4 år.

Den som volder fare etter første ledd slik at tap av menneskeliv eller utstrakt ødeleggelse av fremmed eiendom lett kan forårsakes, straffes som bestemt i § 148. Medvirkning straffes på samme måte.»

Forpliktingane etter konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme gjeld radioaktivt materiale som etter artikkkel 1 nr. 1 omfattar kjernefysisk materiale og andre radioaktive stoff som inneholder nuklidar som gjennomgår spontan nedbryting og som på grunn av sine radiologiske eller spaltbare eigenskapar kan valde død, alvorleg lekamsskade eller vesentleg skade på eigedom eller miljø.

Tilvisinga til «materiale som består av eller inneholder plutonium eller uran» i straffelova 1902 § 152 a femner vidare enn kjernefysisk materiale, men dekkjer ikkje andre radioaktive stoff som er omfatta av definisjonen av radioaktivt materiale i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme.

Straffansvaret etter straffelova 1902 § 152 a er supplert med straffansvar etter straffelova 1902 §§ 147 a til 147 c, som gjeld terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar.

Ei handling som nemnd i straffelova 1902 § 152 a *andre* ledd blir rekna som ei terrorhandling etter straffelova 1902 § 147 a første ledd dersom ho er utført med terrorforsett, det vil seie med forsett om

- «a) å forstyrre alvorlig en funksjon av grunnleggende betydning i samfunnet, som for eksempel lovgivende, utøvende eller dømmende myndighet, energiforsyning, sikker forsyning av mat eller vann, bank- og pengevesen eller helseberedskap og smittevern,
- b) å skape alvorlig frykt i en befolkning, eller
- c) urettmessig å tvinge offentlige myndigheter eller en mellomstatlig organisasjon til å gjøre, tale eller unnlate noe av vesentlig betydning for landet eller organisasjonen, eller for et annet land eller en annen mellomstatlig organisasjon.»

At straffelova 1902 § 152 a andre ledd er nemnt i opprekninga i straffelova 1902 § 147 a første ledd som ei mogleg terrorhandling, inneber også at ho kan inngå i andre terrorrelaterte handlingar.

Truslar om å utføre ei handling som dei som er nemnde i straffelova 1902 § 147 a første ledd, blir ramma av straffelova 1902 § 147 a andre ledd som terrortruslar dersom den som truar, har slikt forsett som det som er nemnt ovanfor. Føresegna har høgare strafferamme enn den alminnelege trusselføresegna i straffelova 1902 § 227.

Det å planlegge og førebu ei handling som nemnd i straffelova 1902 § 147 første ledd ved å inngå forbund om å utføre ei slik handling, blir straffa etter straffelova 1902 § 147 a tredje ledd.

Finansiering av ei handling som nemnd i straffelova 1902 § 147 a blir straffa etter straffelova 1902 § 147 b.

Straffelova 1902 § 147 c rammar den som med hensikt om slike følgjer som er nemnde i § 147 a første ledd bokstav a til c:

- offentleg oppfordrar nokon til å setje i verk ei handling som nemnd i § 147 a første eller andre ledd eller § 147 b første eller andre ledd, eller
- rekrutterer nokon til å utføre ei slik handling, eller
- gir opplæring i metodar eller teknikkar som er særleg eigna til å utføre eller bidra til utføringa av ei slik handling, med forsett om at ferdigheitene skal brukast til dette.

Straffelova 1902 § 147 c rammar også offentleg oppfordring til å setje i verk eller rekruttering til å utføre ei handling som nemnd i straffelova 2005 §§ 138 til 144. Det same gjeld for oppfordring i metodar eller teknikkar som er særleg eigna til å utføre eller bidra til utføringa av ei slik handling, med forsett om at ferdigheitene skal brukast til dette.

## **4.2 Straffelova 2005**

Straffelova 2005 § 142 om ulovleg omgang med farleg materiale mv. skal oppfylle kriminaliseringsforpliktingane i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme, sjå Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) punkt 8.7.4.5.1 side 188–189 og merknaden til forslaget til § 142 på side 323–324.

Straffelova 2005 § 142 skal samtidig oppfylle forpliktingar etter Konvensjonen om fysisk beskyttelse av nukleært materiale slik konvensjonen lyder etter endringar i 2005. Stortinget godkjende endringane i konvensjonen 2. juni 2009, sjå St.prp. nr. 57 (2008–2009) Om samtykke til godkjenning av endringer av 8. juli 2005 i konvensjon om fysisk beskyttelse av nukleært materiale av 3. mars 1980 og Innst. S. nr. 243 (2008–2009). Konvensjonsendringane har ikke tredd i kraft. Heretter blir konvensjonsforpliktingane omtalte slik dei vil lyde når endringane har tredd i kraft. Konvensjonen blir omtalt som konvensjonen om fysisk beskyttelse av nukleært materiale og nukleære anlegg.

Straffelova 2005 § 142 skal i tillegg oppfylle forpliktingar etter konvensjonen til nedkjemping av ulovlege handlingar mot tryggleiken ved skipsfart – *Convention for the Suppression of Unlawful Acts Against the Safety of Maritime Navigation* – heretter omtalt som SUA-konvensjonen, jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) punkt 8.7.4.5.1 side 188–189 og merknaden til forslaget til § 142 på side 323–324.

Straffelova 2005 § 142 femner dessutan noko vidare enn dei nemnde konvensjonane krev, ved at føresegna også omfattar omgang med kjemiske og biologiske våpen.

Straffelova 2005 § 142 lyder slik:

«Med fengsel inntil 21 år straffes den som volder fare for tap av menneskeliv eller betydelig skade på kropp, eiendom eller miljø ved ulovlig å

- a) bruke eksplosivt eller radioaktivt materiale, biologiske eller kjemiske våpen eller en kjernefysisk eller radioaktiv anordning, eller

- b) bruke eller skade et nukleært anlegg slik at det oppstår stråling eller utslipp av radioaktivt materiale.

Med fengsel inntil 15 år straffes den som ulovlig mottar, besitter, sprer, transporterer eller på annen måte har ulovlig befatning med

- et eksplosivt eller radioaktivt materiale eller en kjernefysisk eller radioaktiv anordning, når materialet eller anordningen skal brukes for å true noen til å gjøre, tale eller unnlate noe eller brukes til en handling som volder fare for tap av menneskeliv eller betydelig skade på kropp, eiendom eller miljøet, eller
- et radioaktivt, biologisk eller kjemisk våpen, eller utstyr eller komponenter spesielt konstruert eller forberedt for fremstilling, bruk, produksjon eller levering av kjernefysisk materiale, når utstyret eller komponentene skal brukes i ulovlig kjernefysisk virksamhet.

Med fengsel inntil 10 år straffes den som

- ved trusler, vold, tyveri, underslag, bedrageri eller på annen ulovlig måte søker å sette seg i besittelse av radioaktivt materiale, kjemiske eller biologiske våpen, en kjernefysisk eller radioaktiv anordning, eller et nukleært anlegg, eller
- ulovlig bringer, sender eller forflytter radioaktivt materiale eller kjemiske eller biologiske våpen inn i eller ut av en stat.»

Straffelova 2005 § 131 om terrorhandlingar viser til § 142 første ledd slik at desse handlingane er terrorhandlingar dersom dei er utførte med terrorhensikt.

Fleire andre føresegner i straffelova 2005 kapittel 18 om terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar viser til heile § 142. Dette gjeld:

- § 133 om terrorforbund
- § 134 om terrortruslar
- § 135 om terrorfinansiering
- § 136 om oppfordring, rekryttering og opplæring til terrorhandlingar
- § 137 om medverknad til unndraging frå straff for terrorhandlingar

Desse føresegnene er såleis noko meir vidtrekande enn tilsvarande føresegner i straffelova 1902.

## 5 Utforminga av forslaget til endringar i straffelova 1902 § 152 a og straffelova 2005 § 142

I straffelova 2005 er konvensjonsforpliktingar gjennomførte i eigne straffeføresegner i større grad enn det som er gjort i straffelova 1902, der slike forpliktingar ofte har blitt gjennomførte ved passiv transformasjon, det vil seie å konstatere at innhaldet i konvensjonsforpliktingane er oppfylte gjennom generelle straffeføresegner, sjå Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) punkt 3.4 side 29–31 og 8.5.1 side 168–169.

I straffelova 2005 er straffeføresegner som gjennomfører konvensjonsforpliktingar, i tillegg utforma slik at ordlyden i stor grad gir att innhaldet av konvensjonsteksten. Overlappande konvensjonsforpliktingar er likevel gjennomførte i felles føresegner i ei noko forenkla form.

Straffelova 2005 § 142 gjennomfører tre konvensjonar med delvis overlappande kriminaliseringsforpliktingar. Dei tre konvensjonane beskriv og definerer handlingane som skal kriminalisera, på ulike måtar. Når desse konvensjonsforpliktingane er gjennomførte i ei felles straffeføresegns, vil ein ikkje nødvendigvis kunne finne att formuleringane frå alle konvensjonstekstane direkte i lovteksten. Å gjenta innhaldet i alle konvensjonstekstane fullt ut, ville kunne føre til unødige gjentakingar og ein uoversiktig lovtekst. Det er likevel eit mål at gjennomføringa av konvensjonsforpliktingane skal kome tydeleg fram i lovteksten.

I samband med at departementet foreslår ordlyden i straffelova 1902 § 152 a erstatta med ordlyden i straffelova 2005 § 142 for at Noreg skal kunne ratifisere konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme, blir det gjort framlegg om enkelte presiserande endringar for å få tydelegare fram korleis konvensjonsforpliktingane er oppfylte. Departementet foreslår likelydande endringar i ordlyden i straffelova 2005 § 142, slik at straffelova 2005 § 142 og straffelova 1902 § 152 a etter endringane har same ordlyd.

Departementet foreslår endringar for å synleggjere gjennomføringa av forpliktingane i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme artikkel 2 nr. 1 bokstav b og konvensjonen om fysisk beskyttelse av nukleært materiale og nukleære anlegg artikkel 7 (1) bokstav a og e.

Konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme artikkel 2 nr. 1 bokstav b gjeld ulovleg bruk av radioaktivt materiale eller ei kjernefysisk eller radioaktiv innretning eller ulovleg bruk eller skading av eit nukleært anlegg som fører til eller kan

føre til utslepp av radioaktivt materiale. For at handlingane skal omfattast av kriminaliseringsforpliktinga, krevst det at dei blir utførte med forsett om å valde tap av menneskeliv eller betydeleg skade på kropp, eidegod eller miljø eller med forsett om å tvinge ein fysisk eller juridisk person, ein internasjonal organisasjon eller ein stat til å gjere eller ikkje gjere ei handling.

Konvensjonen om fysisk beskyttelse av nukleært materiale og nukleære anlegg artikkel 7 (1) bokstav a gjeld mellom anna ulovleg bruk av nukleært materiale som valdar eller truleg vil valde død eller alvorleg skade på person eller vesentleg skade på eidegod eller miljø.

Den engelske teksten lyder slik:

«an act without lawful authority which constitutes the receipt, possession, use, transfer, alteration, disposal or dispersal of nuclear material and which causes or is likely to cause death or serious injury to any person or substantial damage to property or to the environment.»

Konvensjonen om fysisk beskyttelse av nukleært materiale og nukleære anlegg artikkel 7 (1) bokstav e gjeld ei handling som er retta mot eit nukleært anlegg, eller ei handling som forstyrrar drifta av eit nukleært anlegg. For at handlinga skal omfattast av kriminaliseringsforpliktinga, må gjerningspersonen forsettleg valde eller ha kunnskap om at handlinga truleg vil valde død eller alvorleg skade på ein person eller vesentleg skade på eidegod eller miljøet gjennom eksponering for stråling eller utslepp av radioaktive stoff. Handlinga er likevel ikkje omfatta av kriminaliseringsforpliktinga dersom ho blir utført i samsvar med den nasjonale lovgivinga i den konvensjonsstaten kor det nukleære anlegget er.

Den engelske teksten lyder slik:

«an act directed against a nuclear facility, or an act interfering with the operation of a nuclear facility, where the offender intentionally causes, or where he knows that the act is likely to cause, death or serious injury to any person or substantial damage to property or to the environment by exposure to radiation or release of radioactive substances, unless the act is undertaken in conformity with the national law of the State Party in the territory of which the nuclear facility is situated.»

Forpliktingane i begge konvensjonar gjeld bruk av radioaktivt materiale eller handlingar retta mot eit nukleært anlegg, men dei to konvensjonane

avgrensar straffansvaret på ulik måte. Etter konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme er det eit krav at handlinga er utført med eit bestemt forsett. Etter konvensjonen om fysisk beskyttelse av nukleært materiale og nukleære anlegg er det eit krav at handlinga valdar eller truleg valdar skade.

Dei nemnte forpliktingane er gjennomførte i straffelova 2005 § 142 første ledd. Bokstav a gjeld ulovleg bruk av eksplosivt eller radioaktivt materiale, biologiske eller kjemiske våpen eller ei kjernefysisk eller radioaktiv innretning. Bokstav b gjeld ulovleg bruk eller skading av eit nukleært anlegg slik at det oppstår stråling eller utslepp av radioaktivt materiale. Føresegna stiller som inngangsvilkår at handlinga har valda fare for tap av menneskeliv eller betydeleg skade på kropp, eidegod eller miljø. Utforminga av dette inngangsvilkåret liknar meir på reguleringa i konvensjonen om fysisk beskyttelse av nukleært materiale og nukleære anlegg enn konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme.

Departementet legg til grunn at straffelova 2005 § 142 første ledd oppfyller forpliktingane i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme artikkel 2 nr. 1 bokstav b, der det avgjerande for straffansvaret er at gjerningspersonen har forsett om å volde tap av menneskeliv eller betydeleg skade på kropp, eidegod eller miljø, utan krav om at det faktisk har oppstått tap eller skade eller fare for dette. Dersom gjerningspersonen har eit forsett om skade mv. som går lenger enn det vedkommande faktisk har valda, vil handlinga eventuelt kunne straffast som forsøk, jf. straffelova 2005 § 16.

For å få tydelegare fram at dei subjektive førestillingane til gjerningspersonen er nok til å oppfylle inngangsvilkåret om fare for tap av menneskeliv eller betydeleg skade på kropp, eidegod eller miljø, foreslår departementet å endre vilkåret i innleiinga i straffelova 2005 § 142 første ledd frå «volder fare ...» til «*den som med forsett om derved å volde* fare for tap av menneskeliv eller betydelig skade på kropp, eiendom eller miljø». Departementet foreslår same utforming av ny ordlyd i straffelova 1902 § 152 a første ledd.

Noverande ordlyd i straffelova 2005 § 142 første ledd bokstav b gjeld den som bruker eller skader eit nukleært anlegg «slik at det oppstår stråling eller utslepp av radioaktivt materiale». Departementet foreslår to endringar i straffelova 2005 § 142 første ledd bokstav b og ny ordlyd i straffelova 1902 § 152 a første ledd bokstav b.

For det første foreslår departementet å føye til eit alternativ som rammar den som *forstyrrar drifta av eit nukleært anlegg*, ved sidan av alterna-

tiva om å bruke eller skade eit slikt anlegg. Forslaget er meint å tydeleggjere oppfyllinga av konvensjonen om fysisk beskyttelse av nukleært materiale og nukleære anlegg artikkel 7 (1) bokstav e som inneholdt eit slikt alternativ.

For det andre foreslår departementet å presiere i straffelova 2005 § 142 første ledd bokstav b og i ny ordlyd i straffelova 1902 § 152 a første ledd bokstav b at det er tilstrekkeleg at stråling eller utslepp av radioaktivt materiale *kan* oppstå. Dette er gjort for å tydeleggjere oppfyllinga av forpliktinga i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme artikkel 2 nr. 1 bokstav b som bruker uttrykket «which releases or *risks* [utheva her] the release of radioactive material».

Konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme artikkel 2 nr. 1 bokstav b rammar den som ulovleg bruker radioaktivt materiale eller ei kjernefysisk eller radioaktiv innretning eller ulovleg bruker eller skader eit nukleært anlegg som fører til eller kan føre til utslepp av radioaktivt materiale der som handlinga er utført med forsett om å valde tap av menneskeliv eller betydeleg skade på kropp, eigedom eller miljø *eller med forsett om å tvinge ein fysisk eller juridisk person, ein internasjonal organisasjon eller ein stat til å gjøre eller ikke gjøre ei handling*. Forsett om skade og forsett om tvang er følgjeleg alternative vilkår.

Det går ikkje uttrykkeleg fram av den norgelnde ordlyden i straffelova 2005 § 142 første ledd at føresenna også rammar bruk av radioaktivt materiale med forsett om å tvinge nokon til å gjøre eller ikkje gjøre ei handling, uavhengig av om gjerningspersonen har forsett om skade. I gjeldande ordlyd i straffelova 2005 § 142 er eit tvangsalternativ berre uttrykkeleg nemnt i andre ledd, som synest å gjelde andre typar ulovleg omgang med radioaktivt materiale enn bruk.

Etter straffelova 1902 § 147 a første ledd bokstav c blir ei handling som nemnd i straffelova 1902 § 152 a andre ledd rekna som ei terrorhandling dersom ho er utført med forsett om «urettmessig å tvinge offentlige myndigheter eller en mellomstatlig organisasjon til å gjøre, tåle, eller unnlate noe av vesentlig betydning for landet eller organisasjonen, eller for et annet land eller en annen mellomstatlig organisasjon». Det same følgjer av straffelova 2005 § 131 om terrorhandlinger med tilvising til straffelova 2005 § 142 første ledd, med den forskjell at det etter straffelova 2005 § 131 gjeld eit krav om hensikt.

Tvangsalternativet i føresegnene om terrorhandlinger er meir kvalifisert enn etter konvensjonen ved at det er eit krav om at tvangen gjeld noko «av vesentlig betydning». I tillegg kan tvangsalter-

nativet berre brukast i tilfelle der vilkåra i straffelova 1902 § 152 a andre ledd eller straffelova 2005 § 142 første ledd er oppfylte. Dermed blir forsett eller hensikt om tvang eit tilleggsvilkår, ikkje eit alternativt vilkår, til eit forsett om skade.

Departementet antar at inngangsvilkåret i straffelova 2005 § 142 første ledd ofte vil kunne vere oppfylt i tilfelle som gjeld ulovlig bruk av eksplosivt eller kjernefysisk materiale, biologiske eller kjemiske våpen eller ei kjernefysisk eller radioaktiv innretning.

For å synleggjere tvangsalternativet i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme artikkel 2 nr. 1 bokstav b foreslår departementet likevel å føye til eit eige ledd som rettar seg mot den som med forsett om at nokon ved handlinga skal tvingast til å gjøre, tolle eller la vere å gjøre noko, ulovleg anten a) bruker eksplosivt eller radioaktivt materiale, biologiske eller kjemiske våpen eller ei kjernefysisk eller radioaktiv innretning eller b) bruker eller skader eit nukleært anlegg eller forstyrrar drifta av eit nukleært anlegg slik at det kan oppstå stråling eller utslepp av radioaktivt materiale, sjå forslag til nytt andre ledd i straffelova 2005 § 142 og til ny ordlyd i straffelova 1902 § 152 a andre ledd. Som elles i føresenna, femner forslaget vidare enn det konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme krev, ved at det også omfattar eksplosivt materiale og biologiske og kjemiske våpen.

Etter konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme artikkel 2 nr. 1 bokstav b er tvangsalternativet berre knytt til *bruk* av radioaktivt materiale eller ei kjernefysisk eller radioaktiv innretning eller bruk eller skading av eit nukleært anlegg. Ved at tvangsalternativet er plassert i noverande andre ledd i gjeldande ordlyd i straffelova 2005 § 142, som gjeld mellom anna innehaving og andre typar ulovleg omgang med radioaktivt materiale, ser straffelova 2005 § 142 ut til å gå lengre enn nødvendig etter konvensjonsforpliktinga. Departementet foreslår likevel å vidareføre tvangsalternativet også for andre typar ulovleg omgang med radioaktivt materiale. Når forsett om fare for skade mv. og forsett om tvang er likestilte alternativ kva gjeld bruk av radioaktivt materiale mv., bør det også vere slik for andre typar ulovleg omgang med slikt materiale. Noverande ordlyd i straffelova § 142 andre ledd bokstav b nyttar uttrykket "skal brukes for å *true* [utheva her] noen til å gjøre, tåle eller unnlate noe". Departementet foreslår å erstatte ordet "*true*" med "*tvinge*", som er uttrykket som nyttast i andre føresegner om tvang.

Forslaget om endringar i straffelova 1902 § 152 a inneber på enkelte punkt ei viss innsnev-

ring av straffansvaret samanlikna med gjeldande ordlyd.

I høyringsnotatet som låg til grunn for straffelova 2005 § 142, uttalte departementet at forslaget til føreseggn var utforma slik at det dekte krava i konvensjonsforpliktingane, men ikkje gjekk utover desse.

Gjeldande ordlyd i straffelova 1902 § 152 a første ledd stiller ingen krav til kvalifisering av den skaden som det er valda fare for, medan det i straffelova 2005 § 142 og i forslaget til endring av straffelova 1902 § 152 a blir stilt krav om fare for *betydeleg* skade på kropp, eidegdom eller miljø. I gjeldande ordlyd i straffelova 1902 § 152 a er dessutan fare for skade på kropp og helse likestilt. Med helse siktat ein til psykiske skadar. Fare for psykiske skadar er ikkje omfatta av straffelova 2005 § 142 eller forslaget til ny ordlyd i straffelova 1902 § 152 a.

Noverande ordlyd i straffelova 2005 § 142 tredje ledd bokstav b rammar den som ulovleg bringar, sender eller flyttar radioaktivt materiale eller kjemiske eller biologiske våpen inn i eller ut av ein stat. For kjemiske eller biologiske våpen ser det ut til å vere ei dobbeltregulering, sidan transport av slike våpen også synest å vere omfatta av tilvisinga til «transporterer» eller «annen ulovlig befatning med» i § 142 andre ledd – med høgare strafferamme. Departementet foreslår derfor å oppheve tilvisinga til kjemiske eller biologiske våpen i siste ledd.

## **6 Tilhøvet til andre føresegner**

### **6.1 Jurisdiksjon**

Konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme artikkel 9 stiller krav til strafferettsleg jurisdiksjon. Forpliktingane er oppfylte gjennom straffelova 1902 § 12.

Straffelova 1902 § 12 nr. 3 og 4 regulerer når norsk straffeloving kjem til bruk på handlingar som er utførte i utlandet av ein norsk statsborgar eller ein person som høyrer heime i Noreg, eller i utlandet av ein utlending.

Etter straffelova 1902 § 12 nr. 3 bokstav a kjem norsk straffelov til bruk når ein norsk statsborgar eller ein person som høyrer heime i Noreg, i utlandet har gjort seg skuldig i brot på straffelova 1902 § 152 a.

Etter straffelova 1902 § 12 nr. 4 kjem norsk straffelov til bruk når ein utlending har gjort seg skuldig i brot på straffelova 1902 § 152 a i utlandet.

Forslaget til utviding av ordlyden i straffelova 1902 § 152 a inneber slik ei viss utviding av bruken av norsk straffelov i desse tilfella. Forslaget inneber likevel inga utviding samanlikna med bruksområdet for straffelova 2005 § 142 etter jurisdiksjonsføreseggnene i straffelova 2005 §§ 4 til 6.

### **6.2 Straffelova 1902 § 153 a**

Straffelova 2005 § 142 erstattar straffelova 1902 §§ 152 a og 153 a, jf. merknaden til føresegna i Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) på side 323.

Den nye ordlyden som er foreslått i straffelova 1902 § 152 a, dekkjer innhaldet i straffelova 1902 § 153 a. Departementet foreslår derfor å oppheve den sistnemnde føresegna.

### **6.3 Straffeføresegner mot terror**

Som det er gjort greie for i punkt 4.1, viser straffelova 1902 § 147 a første ledd om terror til straffelova 1902 § 152 a *andre* ledd, som i forslaget til ny ordlyd har mest til felles med første ledd. Straffelova 2005 § 131 om terrorhandlingar viser også til § 142 *første* ledd. Departementet foreslår på denne bakgrunnen å endre tilvisinga i straffelova 1902 § 147 a første ledd frå § 152 a andre ledd til § 152 a *første* ledd.

Etter straffelova 1902 § 147 a er ei handling ei terrorhandling dersom ho er utført med *forsett* om bestemte følgjer, medan straffelova 2005 § 131 stiller krav til *hensikt*. På dette punktet vil straffansvaret etter straffelova 1902 § 147 a rekke noko lenger enn etter den tilsvarende føresegna i straffelova 2005. Det same følgjer langt på veg allereie av den gjeldande tilvisinga i straffelova 1902 § 147 a til § 152 a andre ledd.

### **6.4 Tilhøvet til lov 6. mai 1994 nr. 10 om gjennomføring av Konvensjonen om forbod mot utvikling, produksjon, lagring og bruk av kjemiske våpen samt øydelegging av dei**

Lov 6. mai 1994 nr. 10 om gjennomføring av Konvensjonen om forbod mot utvikling, produksjon, lagring og bruk av kjemiske våpen samt øydelegging av dei § 5 rammar visse former for omgang med bakteriologiske og kjemiske våpen. Føresegna har eit vidare bruksområde enn det som blir dekt av straffelova 2005 § 142. For å klargjere tilhøvet mellom føreseggnene er det vedteke eit tillegg i § 5 om at føresegna berre kjem til bruk dersom handlinga ikkje er ramma av § 142 eller ei

anna, strengare, føresegn. Denne endringa trer i kraft når straffelova 2005 trer i kraft.

Departementet meiner det ikkje er nødvendig å gjere ei tilsvarande endring som regulerer tilhovet til ny ordlyd i straffelova 1902 § 152 a. Departementet legg til grunn at straffelova 1902 § 152 a blir brukt i tilfelle der det er brot både på straffelova 1902 § 152 a og på § 5 i den særskilde lova.

## 7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget om endringar i straffelova 1902 § 152 a utvidar området for det straffbare. Meirutgiftene ved dette kan ikkje bereknast og vil uansett bli dekte innanfor dei gjeldande budsjetttramme.

Endringsforsлага vil gjere det mogleg å ratifisere konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme, som vil styrke deltakinga til Noreg i den internasjonale innsatsen mot terror.

## 8 Merknader til dei enkelte føreseggnene

### 8.1 Til endringane i straffelova 1902

#### Til § 147 a

Departementet foreslår å byte ut tilvisinga til straffelova 1902 § 152 a *andre ledd* med ei tilvising til § 152 a *første ledd*. Om bakgrunnen, sjå kapittel 5.

#### Til § 152 a

Departementet foreslår å erstatte den noverande ordlyden i straffelova 1902 § 152 a med ordlyden i straffelova 2005 § 142 med enkelte mindre endringar.

Det går fram av lovforlaget til endringar i straffelova 2005 § 142 kva endringar departementet foreslår samanlikna med gjeldande ordlyd i straffelova 2005 § 142.

Forslaget gjeld ulovleg omgang med ulike typar farleg materiale, sjå merknaden til straffelova 2005 § 142 i Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) side 323–324.

Forslaget gjennomfører kriminaliseringsfrokplingar i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme artikkel 5, jf. artikkel 2, konvensjonen om fysisk beskyttelse av nukleært materiale og nukleære anlegg artikkel 7 (1) og SUA-konvensjonen artikkel 3bis (1) b.

Omgrepa «eksplosivt eller radioaktivt materiale», «biologiske eller kjemiske våpen», «kjernefysisk

sisk eller radioaktivt anordning» og «nukleært anlegg» er å forstå på same måte som i straffelova 2005 § 142 og i samsvar med konvensjonsfrokplingane, sjå merknaden til føresegna i Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) side 323–324.

Forslaget til *første ledd* svarer til noverande ordlyd i straffelova 2005 § 142 første ledd med enkelte endringar for å gjere gjennomføringa av konvensjonsfrokplingane tydelegare, sjå kapittel 5 og merknaden til føresegna i Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) side 323–324.

I forslaget til første ledd er det eit inngangsvilkår at gjerningspersonen ved handlinga si har forsett om å valde fare for tap av menneskeliv eller betydeleg skade på kropp, eigedom eller miljø. Det er tilstrekkeleg for straffansvar at gjerningspersonen har forsett om å valde slik fare når han utfører grunnhandlinga. Det er ikkje nødvendig at det oppstår fare, men føresegna omfattar sjølvsagt også tilfelle der handlinga faktisk har ført til tap av menneskeliv eller betydeleg skade på kropp, eigedom eller miljø, eller der det har oppstått fare for slike følgjer.

Tilvisinga til «betydelig skade på legeme» skal ein forstå i samsvar med definisjonen i straffelova 1902 § 9 med unntak for psykisk skade. Elles skal ein forstå uttrykket «fare for tap av menneskeliv eller betydelig skade på legeme, eiendom eller miljø» på same måte som i straffelova 2005 § 142, sjå merknaden til føresegna i Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) side 323–324.

*Første ledd bokstav a* gjeld bruk av eksplosivt eller radioaktivt materiale, biologiske eller kjemiske våpen eller ei kjernefysisk eller radioaktiv innretning. Forslaget fører vidare gjeldande ordlyd i straffelova 2005 § 142 første ledd bokstav a.

*Første ledd bokstav b* gjeld bruk eller skading av eit nukleært anlegg eller forstyrring av drifta av eit nukleært anlegg slik at det kan oppstå stråling eller utslepp av radioaktivt materiale. Det er etter forslaget tilstrekkeleg at stråling eller utslepp *kan* oppstå. Alternativet om forstyrring av drifta av eit nukleært anlegg er nytt samanlikna med gjeldande ordlyd i straffelova 2005 § 142, sjå kapittel 5.

Forslaget til *andre ledd* gjeld den som med forsett om at nokon ved handlinga skal tvingast til å gjere, tolle eller la vere å gjere noko, ulovleg anten a) bruker eksplosivt eller radioaktivt materiale, biologiske eller kjemiske våpen eller ei kjernefysisk eller radioaktiv innretning eller b) bruker eller skader eit nukleært anlegg eller forstyrrar drifta av nukleært anlegg slik at det kan oppstå stråling eller utslepp av radioaktivt materiale.

Forslaget byggjer på alternativet i noverande ordlyd i straffelova 2005 § 142 andre ledd bokstav

a om ulovleg omgang med farleg materiale når det skal brukast til å true nokon til å gjere, tole eller la vere å gjere noko. Departementet foreslår desse endringane for å tydeleggjere oppfyllinga av forpliktinga i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme art. 2 nr. 1 bokstav b, sjå kapittel 5.

Forslaget til *tredje ledd* svarer til noverande ordlyd i straffelova 2005 § 142 andre ledd med ei mindre språkleg endring i bokstav a, sjå kapittel 5.

Forslaget til *fjerde ledd* svarer til noverande ordlyd i straffelova 2005 § 142 tredje ledd med den endringa at tilvisinga til «kjemiske eller biologiske våpen» ikkje er foreslått vidareført sidan transport av og annan ulovleg omgang med slike våpen er omfatta av forslaget til tredje ledd.

Medverknad til brot på første til fjerde ledd blir etter forslaget ramma av *femte ledd*.

Forsøk er straffbart etter straffelova 1902 § 49 første ledd.

#### *Til § 153 a*

Departementet foreslår å oppheve føresegna som følgje av at forslaget til ny ordlyd i straffelova 1902 § 152 a tek opp i seg innhaldet i straffelova 1902 § 153 a.

## **8.2 Til endringane i straffelova 2005**

#### *Til § 142*

Departementet foreslår enkelte endringar for å tydeleggjere gjennomføringa av forpliktingar i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme artikkel 5 jf. artikkel 2 og konvensjonen om fysisk beskyttelse av nukleært materiale og nukleære anlegg artikkel 7 (1), sjå kapittel 5.

Departementet foreslår å endre inngangsvilkåret i *første ledd* slik at det går klart fram at det er tilstrekkeleg for straffansvar at gjerningspersonen ved handlinga si har forsett om å valde fare for tap av menneskeliv eller betydeleg skade på kropp, eidegod eller miljø. Det er ikkje nødvendig at det oppstår fare, men føresegna omfattar sjølvsagt også tilfelle der handlinga faktisk har ført til tap av menneskeliv eller betydeleg skade på kropp, eige-

dom eller miljø, eller der det har oppstått fare for slike følgjer.

Departementet foreslår presisert i første ledd bokstav b at det er tilstrekkeleg at det som følgje av bruk eller skading av eit nukleært anlegg *kan* oppstå stråling eller utslepp av radioaktivt materiale.

Departementet foreslår vidare å føye til eit alternativ i første ledd bokstav b som rettar seg mot den som forstyrrar drifta av eit nukleært anlegg, sjå kapittel 5.

Forslaget til nytt *andre ledd* gjeld den som med forsett om at nokon ved handlinga skal tvingast til å gjere, tole eller la vere å gjere noko, ulovleg anten a) bruker eksplosivt eller radioaktivt materiale, biologiske eller kjemiske våpen eller ei kjernefysisk eller radioaktivt innretning eller b) bruker eller skader eit nukleært anlegg eller forstyrrar drifta av eit nukleært anlegg slik at det kan oppstå stråling eller utslepp av radioaktivt materiale.

Forslaget byggjer på alternativet i noverande ordlyd i straffelova 2005 § 142 andre ledd bokstav a om ulovleg omgang med farleg materiale når det skal brukast for å true nokon til å gjere, tole eller la vere å gjere noko. Endringa er foreslått for å tydeleggjere oppfyllinga av forpliktinga i konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme art. 2 nr. 1 bokstav b, sjå kapittel 5.

Noverande andre og tredje ledd blir nye tredje og fjerde ledd.

I *tredje ledd bokstav a* foreslår departementet å erstatte "true" med "tvinge", sjå kapittel 5. Ordet «miljøet» er foreslått endra til «miljø» i ubestemt form sidan tilvisingane til kropp og eidegod er i ubestemt form.

I *fjerde ledd* er tilvisinga til «kjemiske eller biologiske våpen» ikkje foreslått vidareført sidan transport av og annan ulovleg omgang med slike våpen er omfatta av tredje ledd.

## **8.3 Til lovvedtaket del III**

Departementet foreslår at lovendringane trer i kraft straks.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i straffelova 1902 mv. (straffebed mot kjernefysisk terrorisme mv.).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i straffelova 1902 mv. (straffebed mot kjernefysisk terrorisme mv.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til lov om endringar i straffelova 1902 mv. (straffebed mot kjernefysisk terrorisme mv.)**

I

I almindelig borgerlig straffelov 22. mai 1902 nr. 10 skal desse endringane gjerast:

I § 147 a første ledd innleiinga skal «152 a annet ledd» endrast til «152 a første ledd»

§ 152 a skal lyde:

*Med fengsel inntil 21 år straffes den som med forsett om derved å volde fare for tap av menneskeliv eller betydelig skade på legeme, eiendom eller miljø ulovlig*

- a) bruker eksplosivt eller radioaktivt materiale, biologiske eller kjemiske våpen eller en kjernefysisk eller radioaktiv anordning, eller
- b) bruker eller skader et nukleært anlegg eller forstyrrer driften av et nukleært anlegg slik at det kan oppstå stråling eller utslipps av radioaktiv materiale.

*På samme måte straffes den som med forsett om at noen derved skal tvinges til å gjøre, tåle eller unnlate noe, ulovlig*

- a) bruker eksplosivt eller radioaktivt materiale, biologiske eller kjemiske våpen eller en kjernefysisk eller radioaktiv anordning, eller
- b) bruker eller skader et nukleært anlegg eller forstyrrer driften av et nukleært anlegg slik at det kan oppstå stråling eller utslipps av radioaktiv materiale.

*Med fengsel inntil 15 år straffes den som ulovlig mottar, besitter, sprer, transporterer eller på annen måte har ulovlig befatning med*

- a) et eksplosivt eller radioaktivt materiale eller en kjernefysisk eller radioaktiv anordning, når materialet eller anordningen skal brukes for å tvinge noen til å gjøre, tåle eller unnlate noe eller brukes til en handling som volder fare for tap av menneskeliv eller betydelig skade på legeme, eiendom eller miljø, eller
- b) et radioaktivt, biologisk eller kjemisk våpen, eller utstyr eller komponenter spesielt konstruert eller forberedt for fremstilling, bruk, produksjon eller levering av kjernefysisk materiale, når utstyret eller komponentene skal brukes i ulovlig kjernefysisk virksomhet.

*Med fengsel inntil 10 år straffes den som*

- a) *ved trusler, vold, tyveri, underslag, bedrageri eller på annen ulovlig måte søker å sette seg i besittelse av radioaktivt materiale, kjemiske eller biologiske våpen, en kjernefysisk eller radioaktiv anordning, eller et nukleært anlegg, eller*
- b) *ulovlig bringer, sender eller forflytter radioaktivt materiale inn i eller ut av en stat.*

*Medvirkning til overtredelse av første til fjerde ledd straffes på samme måte.*

§ 153 a skal opphevast.

## II

I lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff skal desse endringane gjerast:

§ 142 skal lyde:

Med fengsel inntil 21 år straffes den som *med forsett om derved å volde* fare for tap av menneskeliv eller betydelig skade på kropp, eiendom eller *miljø ulovlig*

- a) *bruker eksplosivt eller radioaktivt materiale, biologiske eller kjemiske våpen eller en kjernefysisk eller radioaktiv anordning, eller*
- b) *bruker eller skader et nukleært anlegg eller forstyrrer driften av et nukleært anlegg slik at det kan oppstå stråling eller utslipp av radioaktiv materiale.*

*På samme måte straffes den som med forsett om at noen derved skal tvinges til å gjøre, tåle eller unnlate noe, ulovlig*

- a) *bruker eksplosivt eller radioaktivt materiale, biologiske eller kjemiske våpen eller en kjernefysisk eller radioaktiv anordning, eller*

- b) *bruker eller skader et nukleært anlegg eller forstyrrer driften av et nukleært anlegg slik at det kan oppstå stråling eller utslipp av radioaktiv materiale.*

Med fengsel inntil 15 år straffes den som ulovlig mottar, besitter, sprer, transporterer eller på annen måte har ulovlig befatning med

- a) *et eksplosivt eller radioaktivt materiale eller en kjernefysisk eller radioaktiv anordning, når materialet eller anordningen skal brukes for å *tvinge* noen til å gjøre, tåle eller unnlate noe eller brukes til en handling som volder fare for tap av menneskeliv eller betydelig skade på kropp, eiendom eller miljø, eller*
- b) *et radioaktivt, biologisk eller kjemisk våpen, eller utstyr eller komponenter spesielt konstruert eller forberedt for fremstilling, bruk, produksjon eller levering av kjernefysisk materiale, når utstyret eller komponentene skal brukes i ulovlig kjernefysisk virksomhet.*

Med fengsel inntil 10 år straffes den som

- a) *ved trusler, vold, tyveri, underslag, bedrageri eller på annen ulovlig måte søker å sette seg i besittelse av radioaktivt materiale, kjemiske eller biologiske våpen, en kjernefysisk eller radioaktiv anordning, eller et nukleært anlegg, eller*
- b) *ulovlig bringer, sender eller forflytter radioaktivt materiale inn i eller ut av en stat.*

## III

Lova trer i kraft straks.









Trykk A/S O. Fredr Arnesen. April 2012

241491